



GAUTEFALLHEIA VA

AVTALE OM SAMEIGE OG INTERKOMMUNALT SAMARBEID

1. Namn

Samarbeidet sitt namn er Gautefallheia VA.

2. Deltakarar

Deltakarane i samarbeidet er Drangedal kommune og Nissedal kommune, der Nissedal kommune er definert som vertskommune.

3. Rettsleg status

Gautefallheia VA er eit interkommunalt samarbeid og sameige etablert på grunnlag av § 28-1b (administrativt vertskommunesamarbeid) i lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.9. 1992 (kommunelova) og lov om sameige av 18.6. 1965 (sameigelova).

Denne avtala erstattar tidlegare samarbeidsavtale (jf. pkt. 10 i avtala vedkomande endring), basert på § 27 i kommunelova og sameigelova, godkjent av kommunestyret i Drangedal 7. juni 2011 i sak 44/11 og av kommunestyret i Nissedal 16.juni 2011 i sak 60/11.

4. Føremål

Føremålet med samarbeidet er forvaltning, drift og vedlikehald av felles interkommunale vass- og kloakkanlegg på Gautefallheia og i Treungen. Gautefallheia VA omfattar (vedlegg 1: kartskisse):

- Treungen vassverk
- Treungen kloakkrenseanlegg
- Gautefall kloakkrenseanlegg
- Hovudanlegg for transport av vatn mellom Treungen vassverk via Sølia høgdebasseng og til kloakkrenseanlegg ved Bjorvatn
- Hovudanlegg for transport av kloakk mellom Treungen kloakkrenseanlegg og Gautefall kloakkrenseanlegg ved Bjorvatn

Gautefallheia VA skal driftast for deltarane si rekning og risiko, og deltarane skal dekke alle kostnader til drift av anlegga.

5. Eigarforhold og ansvarsforhold

Deltakarar i samarbeidet er Drangedal og Nissedal kommune med følgjande eigardelar:

Sameigeanlegg	Drangedal	Nissedal
Vassforsyningasanlegg	38 %	62 %
Kloakksrenseanlegg	39 %	61 %

Transportanlegg-vatn	54 %	46 %
Transportanlegg-kloakk	54 %	46 %

Dette gjeld også eksisterande anlegg i kvar kommune som etter at felles drift er etablert, er ein del av felles-anlegga.

Deltakarkommunane har rett til å utnytte anlegga i høve til sin eigardel. Eigardelane representerer deltakarkommunane sin "bestilte kapasitet" i anlegga.

Kvar kommune er juridisk og økonomisk ansvarleg for sin "ideelle" del av kvart anlegg.

Nissedal kommune er vertskommune for samarbeidet, og er delegert ansvar og mynde frå Drangedal kommune til forvaltning, drift og vedlikehald av Gautefallhei VA.

Tilhøvet til eksisterande abonnentar kva gjeld leveringsvilkår, gebyr og innkrevjing av desse, har framleis kvar kommune ansvar for.

Tilhøvet til nye abonnentar, grunneigarar og utbyggingsinteresser når det gjeld vidare utbygging av kommunal infrastruktur har framleis kvar kommune ansvar for.

6. Styring og leiing

Gjennom si rolle som vertskommune er Nissedal kommune ansvarleg for den daglege drifta av felles-anlegga. Rådmannen i Drangedal syter for å gje rådmannen i Nissedal naudsynte fullmakter for å kunne utføre driftsoppgåvene.

Det vert oppretta eit samarbeidsforum med fagpersonar innan VA i dei to kommunane, der faglege og praktiske spørsmål avklarast. Forumet møtast ved behov, minimum 2 gonger i året.

Ordførarane i dei to kommunane vurderer til ei kvar tid om/når det måtte vere behov for politisk involvering i samband med vidare investeringar.

Kvar kommune har personalansvar for sine tilsette når dei utfører arbeid innan Gautefall VA sitt ansvarsområde.

7. Nissedal kommune sin mynde som vertskommune

Nissedal kommune skal forvalte og drifte felles-anlegga innanfor dei fullmakter Drangedal kommune har gjeve og det til ei kvar tid gjeldande budsjett.

Ved behov for investeringar som krev løyving i kvar kommune sitt investeringsbudsjett, må dette vere løyva i begge kommunar før investeringa kan gjennomførast.

8 Økonomi og administrasjon

Deltakarkommunane har finansiert sin del av anleggskostnadane i Gautefallhei VA i høve til sin eigardel i kvart anlegg, jf punkt 4.

Nissedal kommune skal ha ansvaret for administrasjon, regnskapsføring, drifts- og vedlikeholdsoppgaver i samarbeidet.

Nissedal kommune skal kvart år legge fram budsjett for administrasjons- drifts- og vedlikeholdskostnader, som skal godkjennast av begge deltakarkommunane.

Deltakarkommunane skal dekke alle drifts- og vedlikeholdskostnader i Gautefallheia VA i høve til eigardelane i kvar anlegg. Drifts- og vedlikehaldskostnadene i kvar anlegg (jf. pkt. 3) skal fordelast slik:

- 50 % fordelast på kvar deltakarkommune etter bestilt kapasitet, som svarar til eigardel i det aktuelle anlegget.
- 50 % fordelast på kvar deltakarkommune etter målt forbruk av vatn.
- Andre drifts- og administrasjonskostnader som ikkje kan henførast til det enkelte anlegg skal fordelast 50/50 mellom deltakarkommunane.

Kvar deltakarkommune har rett til å utnytte anlegga i høve til "bestilt kapasitet", som representerer kommunen sin eigardel i anlegget, jf punkt 4. Dersom ein deltakarkommune får behov for det, kan denne kommunen utnytte delar av den andre kommunen sin "bestilte kapasitet" dersom begge kommunane er samde om det.

9. Forvaltning og teknisk drift av felles-anlegga

Nissedal kommune har som vertskommune det overordna ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av felles-anlegget. Det er lagt til grunn at dette skal integrerast med drift av dei andre anlegga i Nissedal, men der kostnader så langt det er råd vert direkte henført det enkelte anlegg. Andre kostnader og ev inntekter fordelast etter på førehand definerte fordelingsnøklar.

Prinsipp for fordeling av kostnader og ev inntekter mellom Gautefallheia VA og andre VA-anlegg i Nissedal kommune:

- a) Lønskostnader – administrasjon og leiing (inkl. del av Kostra-funksjon 120/130)
20% av einingsleiar teknisk drift Nissedal kommune si løn inkl. sosiale utgifter
- b) Lønskostnader– driftsoperatørar
100% stilling, der arbeid utført av driftsoperatørar i Nissedal kommune utgjer 80% og driftsoperatørar i Drangedal 20% (Gautefall RA)
- c) Andre kostnader knytt til personell
Kostnader med overtidsabeid, vakt og beredskap, arbeidstøy, verktøy, bilutgifter dekkast med ein fast sum lik 25% av lønskostnad inkl. sosiale utgifter for fagarbeidar.
- d) Drift- og serviceavtaler som er felles med andre kommunale bygg/anlegg fordelast etter omfang.

Andre praktiske tilhøve:

Alle avtalar, abonnement som gjeld brøyting, vedlikehald av teknisk utstyr, slamhandtering, straum og liknande som gjeld felles-anlegga overførast til Nissedal kommune.

Varsling om feil – beredskap og vakt. Kvar kommune nyttar eksisterande ordningar for mottak av feilmeldingar. Dersom Drangedal kommune får melding om feil på felles-anlegga som Nissedal kommune har ansvar for, skal feilmeldinga vidareformidlast til Nissedal.

Inntil vidare har Drangedal kommune ansvar for å stille med personell for ivaretaking av driftsoppgåvene ved Gautefall kloakkrenseanlegg. Alt av varekjøp og andre økonomiske disposisjonar knytt til dette, skal skje i Nissedal kommune sin regi og rekneskap, med naudsynt attestasjon frå personell i Drangedal kommune.

Treungen Vassverk, Treungen kloakkrenseanlegg og Gautefall kloakkrenseanlegg meldast inn i Driftsassistansen i Telemark.

All lovpålagt rapportering for Gautefall VA utføras av Nissedal kommune med unntak av det som gjeld Gautefall kloakkrenseanlegg.

10. Avrekning og økonomisk oppgjer mellom kommunane

Nissedal kommune fakturerer kvartalsvis akonto-beløp, basert på driftsbudsjet.

Nissedal kommune fakturerer avrekning innan 10.februar kvart år.

11. Endring av vedtekten og sameigeavtala

Denne avtala kan bare endrast dersom begge deltagarkommunane er samde om det. Ei endring av avtala og vedtekten er først gyldig når endringa er godkjent av kommunestyra i begge deltagarkommunane.

12. Avhending, opplysing

Ingen av deltagarkommunane kan avhende sin del i sameiget utan samtykke frå den andre deltagarkommunen.

13. Usemje

Usemje som måtte oppstå mellom partane i samband med denne avtala, skal søkast løyst ved forhandlingar. Klarar ikkje partane å kome til semje om forståing av denne avtala, skal tvisten løysast ved dei ordinære domstolane. Partane vedtek Nedre Telemark tingrett som sitt verneting.

Nissedal/Drangedal den [dato]

For Drangedal kommune
Karin Reuben
Drangedal kommune
Ordførar

Nissedal
For Nissedal kommune
Helvor Kommune
Ordførar